



HØDD TURN

REFERAT FRÅ STYREMØTE IL HØDD TURN

STED: Teams

TID: 21.01.2021 KL. 20.00

Møtt: Tore Liadal, Torgeir Grimstad, Vegar Brandal, Synnøve Grimstad, Dag Roland, Frode Rougnø og Kari Brandal

Referent: Synnøve Grimstad

Fast sak/2021: Habilitet

Er nokon inhabil i dagens saker?

Styret sin handtering:

Ingen inhabile i dagens saker

Sak 32/2020: Personalsak N.N Unntatt offentlighet

Sak 33/2020: Loddsalg 2020

Styret si handtering:

Styret har søkt om kompensasjon for tapt inntekt. Vi får i overkant av 100 000,- for å kompensere for tapte inntekter

Vi arrangerer neste loddsal i august 2021

Det har vore ein loddkomite tidlegare. Ny må på plass. Synnøve tek ansvar for å kontakte personar som kan vere aktuelle medlemmar i denne komiteen

Forslag:

- Kari Janne Støylen
- Elin Torheim
- Hanne Kvalsvik
-

Sak 01/2021:

Utarbeide rekrutteringsplan for ulike parti. Kva skal vere kriterier for aspirantparti, opptak/hospitering.

Styret si handtering:

Kari kjem opp med tankar og idear. Tek opp temaet med eit evt. nytt trenarteam og legg ein plan og eit regelverk om korleis dette skal handterast

Sak 02/2021: Treningssituasjon Wilde Amalie permisjon

Styret si handtering:

- Vi samlar fleire aktuelle trenarar og saman bygger eit trenarteam. Dette kan også inkludere Wilde Amalie, for å sikre koordinert kompetanse og opplegg.
- Kari initierer møte med aktuelle kandidatar og legg ein plan

Sak 03/2021: Kompensasjonssøknad Covid Krisepakke 3

Styret si handtering:

Styret har søkt om støtte pga manglande juleoppvisning og treningssamlingar. Styret tek høgde for at dette vert innfridd

Sak 04/2021: Resultat 2020

Styret si handtering:

Resultatet er ikkje heilt klart. Signala seier at vi får eit overskot på ca 360 000,-. Budsjettet anslo 50 000,-

- Vi har uteståande 80 000,- i treningsavgift, dette er det ikkje tatt høgde for i overskotet
- Vi har motteke pengar frå Sparebank1, Ulmatec og UVS

Forslag om at trenarar skal sleppe å betale treningsavgift for sine barn. Dette må reknast ut kva vil koste. Vi tek opp dette som sak i neste møtet, då skal resultatet vere klart

Sak 05/2021:Budsjett 2021. Må ha inn planer for 2021

Styret si handtering:

Dette året kjem til å vere eit Korona-år, som 2020. Mykje aktivitet vil bli påverka av dette. Likevel må planane til trenarane bli lagt fram. Kari tek opp dette med trenarane og så legg vi dette inn i planane som ligg til grunn for budsjettet.

Sak 06/2021: Årlig Møte /Årsmøte tidlig i Mars - Årsmelding frå gruppene

Styret si handtering:

- Alle trenarar må skrive årsmelding for si gruppe. Frist 31.01.2021
- Kari informerer aktuelle trenarar om dette.

Sak 07/2021: Reinholdslister Myra

Styret si handtering:

- Vaskeliste heng på Myra
- Det kan vere greitt å få lagt det ut på Spond også, slik at det kjem fram i fleire kanalar.
- Synnøve sender liste til Kari, som distribuerer på Spond

Sak 08/2021: MOT samarbeid i Hødd

Styret si handtering:

- Innspel frå Fotball, at dei ynskjer eit samarbeid med MOT, dei lurte på om fleire ville vere med.
- Deltakarar i styret har vore i møte med MOT, for å finne ut meir. Dei ser at dette kan vere ein god match med ynskje i Turngruppa om å bygge ein god kultur og godt miljø.
- Vegard informerer frå møtet med MOT
- Hødd IL har no signert avtale med MOT
- Dette ynskjer styret å nytte ved å sende trenarar på MOT seminar/kurs

Sak 09/2021: Innhenting av politi attester trenere

Styret si handtering:

- Viktig å ha dette på plass
- Styret vil ha fornya politiattest kvart 3.år
- Alle trenarar må ha på plass ny politiattest i år

Sak 10/2021: Treningssamling med Espen Jansen 13.02

Styret si handtering:

Korona kan gjere det vanskeleg å gjennomføre

Styret tek kontakt med Espen Jansen og Kretsstyret, korleis dei ser på gjennomføring av dette.

Kari snakkar med Smittevernlege i kommunen og får hennar syn på muligheit for gjennomføring

Sak 11/2021: Oppdatering fremdrift Turnhall ved Bjørn Roppen

Styret si handtering:

Bjørn Roppen informerer om siste nytt vedrørende Turnhallen. Kommuna har komt på bana og ymtar frampå om at dette skal vere ein kommunal hall. Det er gjort nokre endringar i samband med dette og kommentert frå Bjørn Roppen.

Saka skal opp i Kommunestyret i Mars. Då skal det bestemast om den skal vere kommunal, eigd av Hødd Turn eller om kommunestyret vel å ikkje gå for bygging i det heile.

Vi applauderer for ein framifrå innsats og imponerende kontroll i prosessen av Bjørn Roppen.

Tore Liadal

Vegar Brandal

Torgeir Grimstad

Frode Rougnø

Synnøve Grimstad

Kari Brandal

Dag Roland

